

# Einar Økland

*-ein levande klassikar*



Litteraturseminar  
på Kulturskulesenteret

Opplesingskveld og konsert  
på Bergslagen, Sunde Kyst- og  
Litteratursenter

I høve at Einar Økland fyller 75 år i 2015 vil Sunde Kyst- og Litteratursenter, i samarbeid med Kvinnherad kulturfestival, feira forfattaren med eit seminar og ein festkveld laurdag 14. februar. Einar Økland er ein levande klassikar som sidan debuten i 1963 har gitt viktige bidrag til norsk litteratur. Økland har arbeidd i alle sjangrar og skrive for både vaksne og born. Programmet vil setja lys på ulike aspekt ved Økland si mangfoldige forfattarskap gjennom dei fem tiåra sidan debuten, og det vil syna fram ein vital forfattar som enno er i stand til å overraska.

Einar Økland - ein levande klassikar  
**Litteraturseminar i Konsertsalen,**  
Kulturskulesenteret, Husnes

- 11.00 Hadle Oftedal Andersen: Einar Økland og poesiens desentralisering.  
Om Øklands dikt for vaksne og born.
- 11.45 Paal-Helge Haugen: Skinn og bein.  
Ei anatomisk skisse av nokre øklandske dikt.
- 12.30 Lunsj
- 13.30 Gabriel Fliflet og Ole Hamre - musikk og song
- 14.00 Karin Moe: Den overraska.  
Om Økland som essayist
- 14.45 Diskusjon/avslutning

Seminarleiar: Per Olav Kaldestad  
Seminaravgift: 250 inkl. lunsj  
(vert betalt ved påmelding)

Påmelding innan 9. februar til Kvinnherad bibliotek.

**Opplesingskveld og konsert**  
på Bergslagen, Sunde

Erling Indreeide  
Karin Moe  
Torgeir Rebolledo Pedersen  
Paal-Helge Haugen  
Einar Økland  
Musikk: Fliflet/Hamre  
Konferansier: Hanne Bramness

Sal av øl og vin  
Bill: 150 ved Kvinnherad bibliotek eller ved inngangen.



## Einar Økland

Einar Økland (f. 1940) debuterte med dikt-boka *Ein gul dag* i 1963 og har gitt ut ei lang rekke bøker i alle sjangrar for vaksne og born. Frå starten markerte han seg sterkt med nyskapande diktbøker og romanar for vaksne og som ein av dei sentrale i krisen rundt det litterære tidsskriftet *Profil* på 1960-talet. Økland er òg ein av dei viktigaste fornyarane i moderne norsk barnelitteratur. Han debuterte som barnebokforfattar med diktboka *Du er så rar* i 1973. I barnebøkene utvidar han grensene for diktet, forteljinga og sakprosaen.


Einar Økland har motteke mange litterære priser, m.a. Aschehougprisen, Gyldendal-prisen, Doblougprisen, Samlagsprisen og Premio Europeo Pier Paolo Vergerio (barnebokpris).

Den nyaste boka hans er *Nokre valsar, gamle og nye* (2014).



# Hadle Oftedal Andersen

Hadle Oftedal Andersen (f. 1969) er universitetslektor i norsk ved Helsingfors Universitet. Han har markert seg sterkt som litteraturkritikar, bl.a. i *Dag og Tid* og *Klassekampen*. Ved sida av aviskritikken har han publisert ei rad større artiklar om litterære emne i nordiske tidsskrift, redigert antologien *Poesiens pil. Lyrikk 1959-* (1998) og gitt ut *Spegelsalen. Artiklar om norsk litteratur* (2001). I *Poetens andlet* (2002) gir han oss eit spennande perspektiv på Olav H. Hauges dikting.



# Paal-Helge Haugen

Paal-Helge Haugen (f. 1945) debuterte med gjendiktinga *Blad frå ein austleg hage* (1965). Den første samlinga med eigne dikt, *På botnen av ein mørk sommar*, kom i 1967. Haugen er oppteken av både lokal forteljetradisjon og engelskspråkleg modernisme. Han er ein av dei fremste lyrikarane i sin generasjon, med ein stor produksjon også som dramatikar, barnebokforfattar, prosaforfattar, libretto-skriver og gjendiktar.

Paal-Helge Haugen har fått mange litterære priser, m.a. Nynorsk litteraturpris, Capellenprisen, Doblougrisen, Kritikarprisen og Brageprisen. Han er riddar av 1. klasse av St. Olavs Orden for innsatsen for norsk litteratur og kulturliv.

Den nyaste utgjevinga hans er det firdoble verket *Kvartett 2008*.



# Karin Moe

Karin Moe (f. 1945) debuterte i med boka *Kjønnsskrift* (1980). Ho etablerte seg straks som ein sentral feministisk forfattar og litteraturkritikar. Moe er ein skribent og debattant med mangesidig virke og frisk og fargerik profil i det litterære Noreg. Ho har sidan 1970-talet skrive mange artiklar i diverse tidskrift og blad, som *Vinduet*, *Kontrast*, *Sirene* og *Kjerringråd*.


Karin Moe er ein av dei mest eksperimenterande forfattarane våre og har skrive dikt, kortprosa, romanar og essay. Den nyaste boka hennar er essaysamlinga *Skrifter* (2012), som ho fekk Doblougprisen for i 2013.



# Erling Indreeide

Erling Indreeide (f. 1945) debuterte i 1972 med diktsamlinga *Trakter* og har sidan gjeve ut mange diktsamlingar, eit musikkdrama, ei gjendikting, barneboka *EPLEkosMOS*, samt *Reiser seg og går* (1993) og *Tann for auge* (2001) med sjangernemninga «soger». I 2003 kom essayet *Utdrag frå MISTRUDEN SOM IKKE ER NOSTALGISK!* med merknader, som han fekk Melsomprisen for. I bøkene sine viser Indreeide at han ikkje berre er ein sentral poet, men også ein viktig tenkjar. I 2014 gav han ut diktsamlinga *Infinitivsmerke* som fekk svært god mottaking.

Erling Indreeide skriv sjangeroverskridande poesi med stor musikalitet og tankekraft.



# Torgeir Rebolledo Pedersen

Torgeir Rebolledo Pedersen (f. 1949) debuterte med *Tidr* i 1983. Han har seinare gitt ut mange diktsamlingar. For samlinga *Blåveisfra* fekk han Oktoberprisen og Den norske Lyrikklubbens pris. Rebolledo Pedersen har opptrødd med Stuntpoetane og med jazzgruppa Søyr, og han har skrive litterære kabaretar, korverk og dramatikk for scene, radio og dokketeater. Han skreiv librettoen til operaen *Khairos* som Knut Vaage skreiv musikken til, og denne blei oppført på Den Norske Opera i 2013. Han har også skrive librettoen til ein radioopera, *Alfa Romeo*, med musikk av Tor Halmrast, og for denne mottok han både Prix Italia og Edvard Grieg-prisen i 1999. I 2004 gav Oktober ut hans *Samlede dikt*. Han blei norgesmeister i slampoesi i 2005. I 2013 mottok han Doblougprisen for forfattarskapen sin.

**Fliflet/Hamre** er eit orkester som verkeleg er noko for seg sjølv. Med trekkspel og tromme-sett supplert med song, melodika og gryter, har Gabriel Fliflet og Ole Hamre skapt ein heilt eigen stil som har begeistra både publikum og kritikarar i mange ulike miljø. Gruppa er kjend for sitt tette og levande samspel, og har opptrødd på eit tjuetal norske festivalar, bl.a. på jazzfestivalane i Molde og Kongsberg og folkemusikkfestivalen i Førde. Dei har vore på ei rad turnear og festivalar i Sverige, Danmark, Finland, Tyskland, Belgia og Skottland.



Ole Hamre

Ole Hamre (slagverk, melodika, song) har bakgrunn frå pop, rock, jazz og etnisk musikk frå Afrika og Latin-Amerika. I Fliflet/Hamre har han arbeidd mykje med asymmetrisk rytmikk, både innan norsk og balkansk folkemusikk. Har bl.a. vore med i Secret Mission, The Talisman Group (inkl. Bugge Wesseltoft), Son Mu og har samarbeidd med bl.a. Ole Paus og Ketil Bjørnstad. Han komponerer spektakulæ-

re musikkverk, og er ein av leiarane i innvandrarbarn-prosjektet *Fargespill*. Ole Hamre er også ein etterspurd føredragshaldar.



## Gabriel Fliflet

Gabriel Fliflet (trekkspill, song) har erfaring frå ei rad ulike folkemusikktradisjonar. Han har spelt norsk folkemusikk og gammaldans, vore sentral i ulike balkanmusikkgrupper og samarbeidd med mange leiande folkemusikkarar. Han er musikalsk vert på folkemusikklubben Columbi Egg i Bergen. Gabriel Fliflet har komponert fleire tingingssverk - bl.a. Åresong med tekstar av Jon Fosse. *VALSERIA* (Vossajazz 2013) med tekstar av bl.a. Einar Økland, er ei hylling til valsens dufrike verd, og er utgangspunktet for plata *Valseria* (EM 107).

Arrangementa blir støtta av:  
Norsk Kulturråd, Norsk Forfattersentrums  
fond, Hordaland folkeakademi, Hydro Husnes  
og Kvinnherad kommune

